



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.06.2016	043/16

Sakshandsamar Reidar Sandviknes	Arkiv FA-N33	Arkivsak 16/300
------------------------------------	-----------------	--------------------

Ferjedrift - Barmøya

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	I	01.06.2016	Fylkeskommunen - Samferdsleavd.	Sak Fylkestinget 10/472-25

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
01.06.2016	Sak Fylkestinget 10/472-25.pdf	76970

Saka gjeld

Ansvar for framtidig drift av ferjerute til Barmøya.

Opplysningar til saka

Selje kommune har gjennom mange år hatt det formelle ansvaret for drift av ferjeruta til Barmøy. Barmøyferja AS er f.t operatør.

Fylkeskommunen har ansvar for minstetilbud med båt uavhengig av bustadkommune og finansierer ca. 2/3 av ferjeruta. Selje kommune finansierer resten, ca.1/3. Barmøyferja har avtale om å behalde billettinntektene.

Rutetilbudet i dag er: 26 turar pr. dag, måndag – fredag : 13t/r

12 turar laurdag : 6 t/r

12 turar søndag 6 t/r

Fylkeskommunen sitt ansvar for båtruter i Sogn og Fjordane:

I sak 11/10 gjorde fylkestinget fylgjande vedtak :

1. Fylkeskommunen skal tilby likt rutetilbud med båt uavhengig av bustadkommune. Det

fylkeskommunale minstetilbudet med båt vert definert ut frå samla antal fastbuande langs kvar båtrute, slik dette går fram av tabell 2 i fylkesrådmannen sitt saksførelegg.

2. Ved anbudsutlysning av båtruter skal det fylkeskommunale rutetilbudet lysast ut med kommunal tilleggsproduksjon som opsjon.

3. Kostnad med bruk av opsjon skal dekkast av den enkelte kommune.

4. Fylkestinget ser at denne modellen kan gi uheldige utslag for rutetilbudet i Solund kommune. Fylkeskommunen vil difor yte eit ekstra årleg skjønstilskot.

For Barmøy ville dette minstetilbudet gje ein langt lågare frekvens enn dagens tilbod (24 t/r pr veke mot 77 t/r pr veke i dag).

Fylkeskommunen signaliserer at Selje kommune truleg skulle hatt ein litt større del av kostnadene med dagens rutetilbud enn i dag, men fylkeskommunen vil betale ut tilskot etter gjeldande kontrakt t.o.m 31.05.2019.

Noverande avtale med Barmøyferja AS går ut 31.05.2019. Statens Vegvesen tilrår 3 år frå utsending av konkurranse til oppstart for å få ein god konkurranse og tid til vinnande tilbydar å kjøpe /bygge om ferje for å tilfredstille krava. Små samband som ferjedrift til Barmøy, kan gjerast på litt kortare tid utan det er ei stor utfordring. Uansett må vi i 2016 starte opp førebuing for anbod.

Vi har då to alternativ for framtidig drift som kommunen må ta stilling før utlysning.

1. Selje kommune held fram som oppdragsgjevar, syter for avtale med fylkeskommunen om tilskot og står for anbod/innkjøp, ruteopplegg osv, som i dag.
2. Fylkeskommunen overtek det formelle driftsansvaret, syter for anbod og drift av anbudskontrakt. Fylkeskommunen vil ta utgangspunkt i fylketingvedtak 11/10 (sjå kursiv ovanfor) , men kommunen har høve til å kjøpe opsjonsruter for å etablere ønska rutetilbud.

Sakshandsamar si vurdering

Alternativ 1 og 2 er like for operatøren som får framtidig kontrakt.

Fylkeskommunalt minstetilbud og Selje kommune /innbyggjarne sine behov for opsjonsruter må uansett drøftast og definerast i samråd fylkeskommunen.

For Selje kommune vil alternativ 2 vere mindre arbeidskrevjande , då fylkeskommunen vil stå for anbod og drift av kontrakt.

Konklusjon

Selje kommune oppmoder Sogn og Fjordane fylkeskommune om å overta drift av framtidig ferjerute Barmsund - Barmøy.

Saksgang

Formannskapet gjer vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune oppmoder Sogn og Fjordane fylkeskommune om å overta drift av framtidig ferjerute Barmsund - Barmøy. Dette gjeldane anbod og drift av anbodskontrakt frå 1.6.2019.

Minstetilbod og opsjonsruter må definerast /plasserast i samråd med kommunen.

Handsaming i Formannskapet - 09.06.2016

6 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 6 røyster for. Samrøystes

FS-043/16 VEDTAK

Selje kommune oppmoder Sogn og Fjordane fylkeskommune om å overta drift av framtidig ferjerute Barmsund - Barmøy. Dette gjeldane anbod og drift av anbodskontrakt frå 1.6.2019.

Minstetilbod og opsjonsruter må definerast /plasserast i samråd med kommunen.